

**KOMMISJONENS GJENNOMFØRINGSAVGJERD (EU) 2019/1752****2024/EØS/8/56****av 25. februar 2019**

**om utarbeidning av spørjeskjema og fastsettjing av format og frekvens for dei rapportane som medlemsstatane skal utarbeide i samsvar med europaparlaments- og rådsforordning (EU) 2017/852**

*[meld under nummeret C(2019) 1423] (\*)*

EUROPAKOMMISJONEN HAR

med tilvising til traktaten om verkemåten til Den europeiske unionen,

med tilvising til europaparlaments- og rådsforordning (EU) 2017/852 av 17. mai 2017 om kvikksølv og om oppheving av forordning (EF) nr. 1102/2008<sup>(1)</sup>, særleg artikkel 18 nr. 2 andre leddet, og

ut frå desse synsmåtane:

- 1) Etter artikkel 18 nr. 1 i forordning (EU) 2017/852 skal medlemsstatane innan 1. januar 2020 og deretter med høvelege mellomrom leggje fram for Kommisjonen ein rapport med opplysningar om gjennomføringa av den nemnde forordninga, saman med visse andre typar opplysningar som er oppførte i den nemnde føresegna, og gjere rapporten offentleg tilgjengeleg på internett.
- 2) Dei spørjeskjema som medlemsstatane skal nytte til rapportering i samsvar med artikkel 18 nr. 1 i forordning (EU) 2017/852, bør utformast slik at dei støttar Kommisjonens rapportering til Europaparlamentet og Rådet om gjennomføringa og revisjonen av den nemnde forordninga, i samsvar med artikkel 19 nr. 2 i forordninga. I tillegg bør dei bidra til at Unionen kan oppfylle rapporteringsplikta si etter artikkel 21 i Minamata-konvensjonen om kvikksølv, som vart vedteken i Kumamoto i Japan 10. oktober 2013 («konvensjonen»).
- 3) Sjølv om spørjeskjema for rapportering etter artikkel 18 nr. 2 andre leddet i forordning (EU) 2017/852 ikkje skal føre til meir arbeid med omsyn til den rapporteringsplikta som partane i konvensjon er pålagd etter avgjerd MC-1/8, som vart teken på det første møtet til partskonferansen under konvensjonen<sup>(2)</sup>, bør likevel visse rapporteringspostar som er omfatta av avgjerd MC-1/8, inngå, slik at opplysningane er tilstrekkeleg spesifikke til at det kan gjerast ei effektiv vurdering av gjennomføringa av forordning (EU) 2017/852.
- 4) Opplysningar om import av kvikksølv og kvikksølvblandingar med ein kvikksølvkonsentrasijsn på minst 95 vektprosent bør rapporterast årleg med tanke på dei omfattande konsekvensane feil handtering av kvikksølv kan få for miljøet og folkehelsa. For å redusere den administrative byrda bør det gjevast unntak frå plikta til å leggje fram slike opplysningar dersom ein medlemsstat sender Kommisjonen ein kopi av det eller dei skjemaa som han nyttar til å gje eller avstå frå å gje skriftleg samtykke til import i medhald av artikkel 4 nr. 1 andre leddet i forordning (EU) 2017/852.

(\*) Denne unionsrettsakten, kunngjort i EUT L 269 av 23.10.2019, s. 5, er omhandlet i EØS-komiteens beslutning nr. 83/2022 av 18. mars 2022 om endring av EØS-avtalens vedlegg XX (Miljø), se EØS-tillegget til *Den europeiske unions tidende* nr. 45 av 7.7.2022, s. 62.

(<sup>1</sup>) TEU L 137 av 24.5.2017, s. 1.

(<sup>2</sup>) Avgjerd MC-1/8 med omsyn til frekvens og format for rapportering frå partane: *Report of the Conference of the Parties to the Minamata Convention on Mercury on the work of its first meeting* (<http://www.mercuryconvention.org>).

- 5) Dersom opplysningane som skal rapporterast, gjeld geografisk lokaliserte einingar, til dømes industrianlegg og -område, bør dei rapporterast i samsvar med europaparlaments- og rådsdirektiv 2007/2/EU<sup>(3)</sup>.
- 6) Spørjeskjemaet bør spegle av viktige føresegner i forordning (EU) 2017/852, medrekna avviklinga av framstillingsprosessar som inneber bruk av kvikksølv eller kvikksølvsambindingar, småskalautvinning og -foredling av gull og dentalt amalgam, i tillegg til at spørsmålstillinga bør avdekkje eventuelle omfattande vanskår med gjennomføringa av andre føresegner i den nemnde forordninga. Dei bør òg innehalde obligatoriske spørsmål om nøkkelindikatorar for resultat, mellom anna opplysningar om handel med kvikksølv og mengdene av lagra eller slutthandsama kvikksølv.
- 7) Dei tiltaka som er fastsette i denne avgjerdha, er i samsvar med fråsegnar til det utvalet som er oppnemnt i medhald av artikkel 22 nr. 1 i forordning (EU) 2017/852.

TEKE DENNE AVGJERDA:

#### *Artikkkel 1*

1. Medlemsstatane skal rapportere til Kommisjonen om gjennomføringa av artikkel 4 i forordning (EU) 2017/852 i samsvar med artikkel 18 nr. 1 i den nemnde forordninga, ved hjelp av spørjeskjemaet i vedlegg I til denne avgjerdha.

2. Dei opplysningane som følgjer av nr. 1.1 i vedlegg I, skal gjerast tilgjengelege for Kommisjonen innan 31. januar kvart år (N) for rapporteringsåret N-1.

Dei opplysningane som følgjer av nr. 1.2 i vedlegg I, skal gjerast tilgjengelege for Kommisjonen innan 30. september kvart år (N) for rapporteringsåret N-1.

3. Det er ikkje naudsynt å svare på nr. 1.1 i vedlegg I dersom ein medlemsstat i løpet av rapporteringsåret N-1 sender Kommisjonen ein kopi av det eller dei skjemaa som han nyttar til å gje eller avstå frå å gje skriftleg samtykke til import, i medhald av artikkel 4 nr. 1 andre ledet i forordning (EU) 2017/852. Medlemsstatane skal gjere slike kopiar tilgjengelege seinast 31. januar kvart år (N) for rapporteringsåret N-1, eller når som helst i løpet av rapporteringsperioden N-1.

#### *Artikkkel 2*

1. Medlemsstatane skal rapportere til Kommisjonen i samsvar med artikkel 18 nr. 1 i forordning (EU) 2017/852, med unntak for rapportering om gjennomføringa av artikkel 4 i den nemnde forordninga, ved hjelp av spørjeskjemaet i vedlegg II til denne avgjerdha.

2. Opplysningane i vedlegg II skal gjerast tilgjengelege for Kommisjonen i samsvar med følgjande tidsplan:

- a) Den første rapporten, som omfattar rapporteringsåra 2017 og 2018, skal gjerast tilgjengeleg seinast 1. januar 2020.
- b) Den andre rapporten, som omfattar rapporteringsperioden 2019–2020, skal gjerast tilgjengeleg seinast 30. september 2021.
- c) Den tredje rapporten, som omfattar rapporteringsperioden 2021–2022, skal gjerast tilgjengeleg seinast 30. september 2023.
- d) Den fjerde rapporten, som omfattar rapporteringsperioden 2023–2024, skal gjerast tilgjengeleg seinast 30. september 2025.
- e) Den femte rapporten, som omfattar rapporteringsperioden 2025–2028, skal gjerast tilgjengeleg seinast 30. september 2029.

<sup>(3)</sup> Europaparlaments- og rådsdirektiv 2007/2/EU av 14. mars 2007 om opprettelse av en infrastruktur for geografisk informasjon i Det europeiske fellesskap (INSPIRE) (TEU L 108 av 25.4.2007, s. 1).

*Artikkelen 3*

Denne avgjerdet er retta til medlemsstatane.

Utferda i Brussel 25. februar 2019.

*For Kommisjonen*

Karmenu VELLA

*Medlem av Kommisjonen*

---

**VEDLEGG I****SPØRJESKJEMA****Opplysningar om importrestriksjonar som medlemsstatane skal gjere tilgjengelege for Kommisjonen ved rapportering om gjennomføringa av forordning (EU) 2017/852***Artikkel 4***Importrestriksjonar**

1. Har medlemsstaten gjeve skriftleg samtykke til import av kvikksølv eller kvikksølvblandingar til bruk som er tillaten i samsvar med artikkel 4 nr. 1 andre ledet i forordning (EU) 2017/852?

Dersom svaret er ja, gje følgjande opplysningar:

- 1.1. Kvikksølv og kvikksølvblandingar som ikkje er avfall<sup>(1)</sup>
  - i) Mengda importert kvikksølv eller importerte kvikksølvblandingar.
  - ii) Tiltenkt bruk av importert kvikksølv eller importerte kvikksølvblandingar (tonn/år per tiltenkte bruksområde).
- 1.2. Kvikksølv som avfall
  - i) Mengda importert kvikksølvavfall.
  - ii) Tiltenkte slutthandsamings- eller attvinningsoperasjonar (tonn/år per tiltenkte operasjon)<sup>(2)</sup>.
    - Ved import som er tiltenkt operasjonar med mellombels handsaming før slutthandsaming eller attvinning, gje opplysningar om dei slutthandsamings- eller attvinningsoperasjonane som skal utførast til slutt<sup>(3)</sup>.
    - Ved import som er tiltenkt andre attvinningsoperasjonar enn operasjonar med mellombels handsaming før attvinning, gje opplysningar om den tiltenkte bruken av dei materiala som er eit resultat av attvinningsoperasjonane.

---

(<sup>1</sup>) Det er ikkje naudsynt å svare på spørsmål 1.1 dersom medlemsstaten i løpet av rapporteringsåret N-1 sender Kommisjonen ein kopi av det eller dei skjemaa som han nyttar til å gje eller avstå frå å gje skriftleg samtykke til import, i medhald av artikkel 4 nr. 1 andre ledet i forordning (EU) 2017/852.

(<sup>2</sup>) Opplysningar om kva type slutthandsamings- eller attvinningsoperasjonar som skal rapporterast med kodane som er fastsette i høvesvis avsnitt A og B i vedlegg IV til Basel-konvensjonen av 22. mars 1989 om kontroll med transport av farleg avfall (TEU L 39 av 16.2.1993, s. 3).

(<sup>3</sup>) Operasjonar som omfattar mellombels handsaming før slutthandsaming og mellombels handsaming før attvinning, er definerte i artikkel 2 nr. 5 og 7 i europaparlaments- og rådsforordning (EF) nr. 1013/2006 av 14. juni 2006 om overføring av avfall (TEU L 190 av 12.7.2006, s. 1).

**VEDLEGG II****SPØRJESKJEMA****Andre opplysninger som ikkje gjeld importrestriksjonar, som medlemsstatane skal gjere tilgjengelege for Kommisjonen ved rapportering om gjennomføringa av forordning (EU) 2017/852**

*Merknad 1:* Dersom svaret på spørsmål 1.2 og/eller 2.1 er ja, er det ikkje naudsynt å svare på delspørsmål 1.2 punkt i)–v) og/eller 2.1 punkt i) dersom alle desse opplysningane inngår i ein rapport som medlemsstaten har lagt fram i samsvar med rapporteringsplikta si etter artikkel 21 i Minamata-konvensjonen, og dersom den aktuelle rapporten er gjort tilgjengeleg for Kommisjonen i samsvar med artikkel 18 nr. 3 i forordning (EU) 2017/852.

*Merknad 2:* Det er valfritt å svare på spørsmål som er markerte med ein asterisk(\*)).

**1. Artikkel 7 nr. 1 og 2 i forordning (EU) 2017/852: Industriverksemد**

1.1. Er dei følgjande framstillingsprosessane som inneber bruk av kvikksølv og kvikksølvsambindingar, avvikla innan dei fristane som er oppførte i del I vedlegg III til forordning (EU) 2017/852?(<sup>1</sup>)

1.1.1. Produksjon av vinylkloridmonomer (skal avviklast seinast 1. januar 2022)

Dersom svaret er nei, gje følgjande opplysningar:

- i) Årsak(er) til at denne framstillingsprosessen er i bruk etter avviklingsfristen.
- ii) Iverksette eller planlagde tiltak for å avvikle denne framstillingsprosessen, og tidsplan for dette.

1.1.2. Produksjon av kloralkali (skal avviklast seinast 11. desember 2017)

Dersom svaret er nei, gje følgjande opplysningar:

- i) Årsak(er) til at denne framstillingsprosessen er i bruk etter avviklingsfristen.
- ii) Iverksette eller planlagde tiltak for å avvikle denne framstillingsprosessen, og tidsplan for dette.

1.1.3. Produksjon av natrium- og kaliummetylat eller natrium- og kaliumetylät (skal avviklast seinast 1. januar 2028)

Dersom svaret er nei, gje følgjande opplysningar:

- i) Årsak(er) til at denne framstillingsprosessen er i bruk etter avviklingsfristen.
- ii) Iverksette eller planlagde tiltak for å avvikle denne framstillingsprosessen, og tidsplan for dette.

1.1.4. Produksjon av polyuretan (skal avviklast seinast 1. januar 2018)

Dersom svaret er nei, gje følgjande opplysningar:

- i) Årsak(er) til at denne framstillingsprosessen er i bruk etter avviklingsfristen.
- ii) Iverksette eller planlagde tiltak for å avvikle denne framstillingsprosessen, og tidsplan for dette.

1.2. Finst det anlegg på territoriet til medlemsstaten som produserer natrium- og kaliummetylat eller natrium- og kaliumetylät ved hjelp av ein framstillingsprosess som inneber bruk av kvikksølv og kvikksølvsambindingar, og som er nemnd i del II i vedlegg III til forordning (EU) 2017/852?

Dersom svaret er ja, gje følgjande opplysningar for kvart anlegg:

- i) Ein eintydig identifikator i samsvar med krava i direktiv 2007/2/EF.
- ii) Årleg driftskapasitet ved kvart anlegg (tonn/år) frå og med 2017.
- iii) Om kvikksølv frå primærutvinning av kvikksølv har vorte eller framleis vert nytta ved kvart av anlegga.

(<sup>1</sup>) Svar på og opplysningane som er knytte til spørsmål 1.1.1, 1.1.2, 1.1.3 og 1.1.4, skal gjevast berre i den første rapporten som skal leggjast fram etter dei respektive avviklingsfristane.

iv) For 2010, nivået av direkte og indirekte utslepp av kvikksølv og kvikksølvsambindingar frå kvart anlegg til luft, vatn og jord per produsert eining (uttrykt som kilo kvikksølv og kvikksølvsambindingar per kilotonn produsert natrium- eller kaliummetylal eller natrium- og kaliumetylal).

v) Frå og med 2020, nivået av direkte og indirekte utslepp av kvikksølv og kvikksølvsambindingar frå kvart anlegg til luft, vatn og jord per produsert eining (uttrykt som kilo kvikksølv og kvikksølvsambindingar per kilotonn produsert natrium- eller kaliummetylal eller natrium- og kaliumetylal).

2. **Artikel 9 i forordning (EU) 2017/852: Småskalautvinning og -foredling av gull**

2.1. Har medlemsstaten konstatert fleire tilfelle av bruk av kvikksølvamalgam på territoriet sitt i samband med gullutvinning?

Dersom svaret er ja, gje følgjande opplysningar:

i) Har den rette styresmakta i medlemsstaten utarbeidd og gjennomført ein nasjonal plan for småskalautvinning og -foredling av gull i samsvar med artikkel 9 nr. 2 og vedlegg IV til forordning (EU) 2017/852?

— Dersom svaret er ja, legg ved ei nettlenke til den nasjonale planen for småskalautvinning og -foredling av gull.

— Dersom svaret er nei, grunngje kvifor det ikkje er utarbeidd og gjennomført ein nasjonal plan for småskalautvinning og -foredling av gull, og før opp iverksette og/eller planlagde tiltak for å utarbeide ein slik plan, saman med ein tidsplan.

3. **Artikel 10 i forordning (EU) 2017/852: Dentalt amalgam**

3.1. Har medlemsstaten hatt store utfordringar med gjennomføringa av artikkel 10 om dentalt amalgam i forordning (EU) 2017/852?

Dersom svaret er ja, gje følgjande opplysningar:

i) Type utfordringar og omfang.

ii) Iverksette og/eller planlagde tiltak for å handtere desse utfordringane, og tidsplan for dette.

4. **Artikel 12 i forordning (EU) 2017/852: Rapportering om hovudkjelder**

4.1. I samsvar med artikkel 18 nr. 1 bokstav c) i forordning (EU) 2017/852, gje eit samandrag av dei opplysningane som marknadsdeltakarane har sendt til dei rette styresmaktene i medlemsstaten, i samsvar med artikkel 12 nr. 1 og 2 i den nemnde forordninga:

4.1.1. Liste over aktuelle anlegg etter hovudkjeldetypane som er nemnde i artikkel 11 bokstav a), b) og c) i forordning (EU) 2017/852, og tilhøyrande identifikatorar:

i) Produksjon av kloralkali:

— Liste over anlegg.

— Eintydige identifikatorar i samsvar med krava i direktiv 2007/2/EF.

ii) Reinsing av naturgass:

— Liste over anlegg.

— Eintydige identifikatorar i samsvar med krava i direktiv 2007/2/EF.

iii) Utvinning og smelting av ikkje-jarnhaldig metall:

— Liste over anlegg.

— Eintydige identifikatorar i samsvar med krava i direktiv 2007/2/EF.

4.1.2. Samla mengd kvikksølvavfall, uttrykt i tonn, som er lagra ved kvart av anlegga som er oppførte som svar på spørsmål 4.1.1 punkt i), ii) og iii), per 31. desember kvart rapporteringsår i kvar rapporteringsperiode.

4.1.3. Samla mengd kvikksølvavfall, uttrykt i tonn, som årleg vert sendt til følgjande avfallsanlegg frå kvart av anlegga som er oppførte som svar på spørsmål 4.1.1, for kvart år i rapporteringsperioden:

- i) Samla mengd kvikksølvavfall som er sendt til anlegg som handterer mellombels lagring av kvikksølvavfall.
- ii) Samla mengd kvikksølvavfall som er sendt til anlegg som handterer omdanning, og eventuelt storkning av kvikksølvavfall.
- iii) Samla mengd kvikksølvavfall som er sendt til anlegg som handterer permanent lagring av kvikksølvavfall.

4.2. \* Annan relevant informasjon som medlemsstaten ønskjer å gje.

5. **Artikkkel 18 nr. 1 bokstav d) og e) i forordning (EU) 2017/852: Andre opplysningar som skal rapporterast etter artikkkel 18 i forordning (EU) 2017/852**

5.1. Gje følgjande opplysningar om førekomstar av kvikksølv på territoriet til medlemsstaten:

- i) Ei liste over område der det per 31. desember kvart rapporteringsår finst lager med meir enn 50 tonn kvikksølv, ikkje medrekna kvikksølvavfall, saman med eintydige identifikatorar som er i samsvar med krava i direktiv 2007/2/EU.
- ii) Samla mengd kvikksølv, ikkje medrekna kvikksølvavfall, som er lagra per 31. desember kvart rapporteringsår i kvart område som er oppført under punkt i), uttrykt i tonn.

5.2. Gje følgjande opplysningar om kvikksølvavfall på territoriet til medlemsstaten:

- i) Ei liste over område der det er akkumulert meir enn 50 tonn kvikksølvavfall per 31. desember kvart rapporteringsår, saman med eintydige identifikatorar som er i samsvar med krava i direktiv 2007/2/EU.
- ii) Samla mengd akkumulert kvikksølvavfall per 31. desember kvart rapporteringsår i kvart område som er oppført under punkt i), uttrykt i tonn.

5.3. Gje følgjande opplysningar dersom desse opplysningane er gjort tilgjengelege for medlemsstaten:

- i) Ei liste over kjelder som gjev meir enn 10 tonn kvikksølv per år, saman med eintydige identifikatorar som er i samsvar med krava i direktiv 2007/2/EU.
- ii) Samla mengd levert kvikksølv per 31. desember kvart rapporteringsår frå kvar kjelde som er oppført under punkt i), uttrykt i tonn.

6. **Avsluttande spørsmål**

6.1. \* Har medlemsstaten hatt andre store utfordringar med gjennomføringa av forordning (EU) 2017/852?

Dersom svaret er ja, gje følgjande opplysningar:

- i) Beskriving av utfordingane.
- ii) Opplysningar om iverksette eller planlagde tiltak for å handtere vanskar som har oppstått, og tidsplan for dette.

6.2. \* Medlemsstaten kan gje opplysningar om andre iverksette eller planlagde tiltak for å fremje gjennomføringa.